

KI-notat nr.: 4/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Fjell Vatn Avløp og Renovasjon AS / Bildøyvatnet vannverk		
Fylke/kommune:	Hordaland / Fjell		
Ansvarleg:	Gry Berg	Sign.	<i>Gry Berg</i>
Sakshandsamar:	Silje Aakre Solheim	Sign.:	<i>Kristin Hagen</i>
Dato:	25 FEB 2013		
Vår ref.:	NVE 201200900 - 18		
Sendast til:	Søkar og alle som har uttala seg til saka		

Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Bildøyvatnet til Bildøyvatnet vannverk i Fjell kommune, Hordaland fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyringsuttalar	3
Søkar sin kommentar til høyringsuttalane	4
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	5
NVEs vurdering	7
NVEs konklusjon	10

Samandrag

Fjell Vatn Avløp og renovasjon AS (FjellVAR) nyttar i dag Bildøyvatnet som reservevasskjelde for drikkevatt i Fjell kommune. Uttaket har ikkje konsesjon etter vassressurslova. For å tilfredstille folkevekst og auka krav til kvalitet på drikkevatt vil FjellVAR no gjere bruken av Bildøyvatnet permanent og samtidig etablere eit nytt vassbehandlingsanlegg. Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til eit gjennomsnittleg vassuttak på 36 l/s og eit maksimalt vassuttak på 67 l/s. Det vert også søkt om å regulere Bildøyvatnet 7,5 m, mellom HRV på kote 178,3 og LRV på kote 170,8. Dette svarar til dagens regulering av vatnet. Dei langsiktige utfordringane med drikkevassforsyning i Fjell kommune vert ikkje løyst med permanent bruk av Bildøyvatnet, men det vil gje kommunen nokre år med auka kapasitet fram til eit nytt hovudvassverk (Kørelen) kan takast i bruk.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at ingen av artane som er nemnt å vekse i den registrerte bergveggen er direkte avhengige av rennande vatn. Skuggefulle vekstforhold er truleg ein viktigare økologisk faktor enn vassføringa i sjølv bekken. Fylkesmannen viser til at området er mykje brukt som turområde og meiner at regulering og redusert vassføring, som følge av uttak frå Bildøyvatnet, vil kunne påverke opplevinga av landskapet og friluftslivet. Fylkesmannen meiner at samfunnsnyttan av tiltaket er større enn konsekvensane og at tiltaket kan gjennomførast dersom NVE set vilkår om minstevassføring.

Hordaland fylkeskommune viser til at det er registrert ei bekkekløft som blir fråført vatn ved ei regulering av Bildøyvatnet. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil få store negative konsekvensar for friluftsliv i området. Det er ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i området og fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknadar i saka. Dei viser likevel til aktsomheitsplikt og opplysningsplikt jf. kulturminnelova dersom ein skulle støyte på ev. kulturminne i samband med arbeid i marka. Fylkeskommunen har også vore i kontakt med Bergen Sjøfartsmuseum, som heller ikkje kjenner til marine kulturminne i området. Til slutt stiller fylkeskommunen spørsmål til om det ikkje er råd å plassere anlegget i eit område som ikkje er regulert til landbruk, natur og friluftsliv.

Mattilsynet viser til at dagens løysing med Bildøyvatnet som reservevasskjelde er lite tilfredsstillande på grunn av dårleg vasskvalitet og mangelfull reinsing. Dei er difor positive til søknad om framleis regulering av Bildøyvatnet og bygging av eit nytt vassbehandlingsanlegg i tilknytning til vassverket.

NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. Det er knytt positive følgjer for drikkevassforsyning og kvalitet på drikkevatn til folk i Fjell kommune med etablering av Bildøyvatnet vassbehandlingsanlegg. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane har komme fram noko som tilseier at tiltaket vil ha vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev FjellVAR løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og vassuttak til drikkevatn frå Bildøyvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå FjellVAR AS, datert 29.09.2012:

"Med henvisning til «Lov om vassdrag og grunnvann» (Vannressursloven) søker FjellVAR om:

- *Tillatelse til å ta vann fra Bildøyvatnet til drikkevannsformål*
- *Tillatelse til å kunne regulere vannstanden i Bildøyvatnet mellom kote 170.8-178.3*

Det søkes ikke om tillatelse til ekspropriasjon, jf. vannressurslovens § 51.

Søknaden gjelder ikke de bygge- og anleggsmessige tiltak da egen byggesak mot Fjell kommune er igangsatt.

Bildøyvatnet vannverk, hovuddata		
TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	0,48
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	1,1
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	75
Middelvassføring	l/s	36
Alminneleg lågvassføring	l/s	1 -3,6
VASSUTTAK		
Inntak (Bildøyvatnet)	moh.	171
Vassbehandlingsanlegg	moh.	152,5
Lengde på berørt elvestrekning	km	1
Tilløpsrøyr, diameter	mm	200
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	36
Maksimalt vassuttak	l/s	67
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0,21
HRV	moh.	178,3
LRV	moh.	170,8
...		

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden:

Fylkesmannen i Hordaland uttalar seg i brev av 17.12.2012. Dei meiner at forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar, blir teke vare på så langt det er rimeleg, jf. §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova. Fylkesmannen viser til at det er registrert ei bekkekløft i bekken. Dei viser til at ingen av artane som lever der er direkte avhengige av rennande vatn og at skuggefull plassering truleg er ein viktigare økologisk faktor enn vassføringa i bekken. Området er eit mykje brukt turområde og regulering og redusert vassføring som følgje av vassverket, vil kunne påverke opplevinga av landskapet og friluftslivet. Fylkesmannen set som føresetnad at dei landskapsmessige utformingane kjem fram i ein detaljplan som NVE skal følgje opp. Fylkesmannen meiner at samla belastning ikkje er avgjerande her. Dei meiner også at samfunnsnyttan av tiltaket er større enn konsekvensane, jf. § 14 i naturmangfaldlova. På bakgrunn av ovanfor nemnde punkt, meiner Fylkesmannen at tiltaket kan gjennomførast, med ein føresetnad om at NVE stiller krav til minstevassføring.

Hordaland fylkeskommune viser i brev av 13.12.2012 til at det er registrert ein naturtypelokalitet (bekkekløft) med verdi B i Kvernelva som renn ut frå Bildøyvatnet. Fylkeskommunen uttalar at området er nytta til rekreasjon og at den etablerte vegen til dammen er nytta av turgåarar. Nedtapping av Bildøyvatnet vil kunne føre til at strandsona vert meir eksponert, og dermed kunne påverke turgåarane si oppleving av landskapet. Fylkeskommunen kan likevel ikkje sjå at tiltaket har store negative konsekvensar for turområdet. Det er ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle området. Under anleggsarbeid må ein prøve å unngå skade/inngrep i eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, stiar/vegar, tufter, krigsminne m.m. Det vert også gjort merksam på tiltakshavar si plikt til å vise aktsemd og til meldeplikt dersom ein

under arbeid skulle støyte på automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har vore i kontakt med Bergen Sjøfartsmuseum angående kulturminne i maritime miljø. Museet har ingen merknadar til tiltaket. Også dei viser til meldeplikt. Fylkeskommunen viser til at vassbehandlingsanlegget er planlagt i LNF-område, og stiller spørsmål ved om dette er det einaste aktuelle området.

Mattilsynet uttalar i e-post av 07.12.2012 at dagens løysing med bruk av Bildøyvatnet som reservevasskjelde er lite tilfredsstillande på grunn av dårleg vasskvalitet og mangelfull reinsing. Det er heller ikkje tilfredsstillande at kjelda i stadig aukande grad vert nytta som supplering av den kommunale vassforsyninga. Mattilsynet er difor positive til søknaden om framleis regulering av Bildøyvatnet og etablering av eit nytt vassbehandlingsanlegg knytt til Bildøyvatnet vassverk.

Søkjar sin kommentar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 25.01.2013 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Hordaland fylkeskommune, 13.12.2012

Hinnebregna - Det er i søknaden nevnt en forekomst av hinnebregne, og at dette er en rødlisteart. I følge merknaden fra Fylkesmannen i Hordaland er denne ikke rødlisteart, se videre omtale under kommentar til Fylkesmannen sin uttale.

Fisk i vannet - det er ikke utført egen fiskeriundersøkelse i Bildevatnet. Formann i Sotra og Øygarden Jeger og Fiskerforbund har muntlig uttalt at Bildevatnet ikke er mye i bruk til fritidsfiske.

I en rapport utarbeidet av Rådgivende Biologer i 1995 (Kalkingsplan for Fjell kommune, rapport nr. 197) står der følgende om fisk i bekken fra Bildevatnet.

Utløpsbekken fra Bildevatnet er svært bratt og veksler mellom stryk og kulper. Det ble fisket to steder, like nedenfor demningen ved vannet (UTM KM 848 958) og ca. 100 m ovenfor sjøen (UTM KM 852 986). Det ble ikke fanget eller sett fisk på noen av stedene. Den øvre delen av bekken har områder som er velegnet for gyting, men pga demningen og de bratte partiene nedenfor er det tenkelig at vilkårene for fisk ikke er gode. Bekken er svært ren og minner om en steril fjellbekk.

Plassering av anlegget - Da anlegget er planlagt plassert i LNF område, spør fylkeskommunen om den valgte plasseringen er den eneste aktuelle. Svaret er ja. Vi er avhengig av en plassering høyere enn Bildøynuten høydebasseng for at vannet skal kunne gravitere til ledningsnettet. Enhver plassering ovenfor Bildøynuten HB er i LNF området. Det er valgt en plassering som er minst mulig eksponert, samtidig som beliggenheten er nær eksisterende vannledning. Dette er bla. drøftet med kommunen i en forhåndskonferanse.

Fylkesmannen i Hordaland, 17.12.2012

Biologisk mangfold - Fylkesmannen hevder at Hinnebregne ikke er rødlisteart og at skyggefull plassering trolig er viktigere enn vannføring i bekken. Hinnebregne er inkludert i rødlisten, men er plassert i kategori LC, dvs trygg, utklipp fra artsdatabanken under:

Hinnebregne (Hymenophyllum wilsonii) vurderes som trygg (LC). Arten kan ha gått noe tilbake, og noen av dens voksesteder kan være noe utsatt, men samtidig kan den profitere på gjengroing i berglendte lyngheiområder, noe som fører til mer skygge og humide forhold. Arten vokser i skyggefulle og fuktige bergvegger og på steinblokker i humide kyst- og fjordstrøk fra VA Farsund til ST Hitra, se Fægri (1960).

Funnfrekvensen etter 1990 er 16,6 % mot normalt ca. 20. Det optimale habitatet er nordvendte bekkeløfter der den kan opptre i store mengder. Arten er meget følsom for uttørring, noe om gjør skogsdrift eller annen fjerning av skog på vokstedene svært uheldig. Hinnebregne vurderes som truet av utbygging av minikraftverk på Vestlandet.

Hinnebregne finnes hovedsakelig i Vest-Europa og på øyer i Atlanteren og svært spredt i andre verdensdeler. Den norske utbredelsen er verdens nordgrense sammen med forekomster på Færøyene.

Vi støtter Fylkesmannen sin vurdering om at den ikke er direkte avhengig av rennende vann. Der hvor den er plassert vil det være rennende vann i nærheten som følge av avrenning fra nedbørfeltet nedstrøms Bildevatnet, og når det er overløpsavrenning fra Bildevatnet.

Landskap - Her er vi litt usikker på hva Fylkesmannen mener med detaljplan. Som en del av planleggingen av vannbehandlingsanlegget er det utarbeidet tegninger for bygging av anlegget. Disse vurderes av Fjell kommune i søknad om byggetillatelse etter Plan og Bygningsloven.

Minstevannføring - Fylkesmannen mener at det må settes krav til minstevannføring. I søknaden er det beregnet alminnelig lavvannføring etter to metoder, med stor forskjell i resultat. Pga. ønske om å kunne hente mest mulig vann fra kilden, samt det faktum at det så langt ikke har vært en minstevannføring når kilden har vært i bruk, vil vi bare anmode om at et eventuelt krav til minstevannføring settes lavest mulig.

Mattilsynet, 07.12.2012

Vi har ingen kommentarer til Mattilsynets uttale."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

FjellVAR AS er eit eige akseselskap som tek hand om alle tenester knytt til vatn, avløp og renovasjon i Fjell kommune. FjellVAR er eigd av Fjell kommune.

Om søknaden

Fjell Vatn Avløp og Renovasjon AS (FjellVAR) nyttar i dag Bildøyvatnet som reservevasskjelde for drikkevatt i Fjell kommune. Uttaket har ikkje konsesjon etter vassressurslova. For å tilfredstille folkevekst og auka krav til kvalitet på drikkevatt vil FjellVAR no gjere bruken av Bildøyvatnet permanent og samtidig etablere eit nytt vassbehandlingsanlegg. Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til eit gjennomsnittleg vassuttak på 36 l/s og eit maksimalt vassuttak på 67 l/s. Det vert også søkt om å regulere Bildøyvatnet 7,5 m, mellom HRV på kote 178,3 og LRV på kote 170,8. Dette svarar til dagens regulering av vatnet. Dei langsiktige utfordringane med drikkevassforsyning i Fjell kommune vert ikkje løyst med permanent bruk av Bildøyvatnet, men det vil gje kommunen nokre år med auka kapasitet fram til eit nytt hovudvassverk (Kørelen) kan takast i bruk.

Skildring av området

Bildevassdraget er ca. 2 km langt med eit totalt nedbørfelt på 0,9 km². Bildøyvatnet er det einaste vatnet i feltet. Nedbørfeltet består i hovudsak av grunnlendt mark, myr og fjell. Frå Bildøyvatnet renn Kvernelva til utløp i Bildøypollen. Denne bekken har sitt utspring ved overløpet frå dammen i Bildøyvatnet. Frå ein open kanal ved Bildøyvatnet renn bekken inn i eit røyr på ein strekning på ca. 32

m. Deretter kryssar bekken tilkomstvegen til dammen to gongar før den følgjer dalsøkket nedover. Total lengde på bekken er ca. 1 km.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Bildøyvatnet er i dag nytta som reservevasskjelde for Fjell kommune. På grunn av avgrensa kapasitet til UV-anlegget er det i dag berre anledning til å ta ut 20 l/s. I utløpet av Bildøyvatnet er det i dag ein betong-platedam fundamentert på fjell. Lengda på dammen er ca. 45 m, der 7,8 m er overløp. Dammen regulerer Bildøyvatnet mellom kote 170,8 og kote 178,3. Overløpet renn inn i ein kulvert med lengde 35 m like nedstraums dammen. Som tilkomst til dammen er det ein veg med total lengde 1240 m. I eksisterande veg ligg det ein 200 mm vassleidning. Denne er samankopla med eksisterande vassforsyningsnett på ca. kote 88, ved tilkomstveg til høgdebasseng i Bildøynuten.

Teknisk plan

Fysiske tiltak

Med unntak av nytt vassbehandlingsanlegg skal det ikkje gjerast nye fysiske inngrep. Det vert søkt om å regulere Bildøyvatnet mellom LRV på kote 170,8 og HRV på kote 178,3. Naturleg vasstand er på kote 171. Reguleringa det vert søkt om tilsvarar om lag dagens regulering av vatnet.

Eksisterande dam, inntak og vassleidning skal nyttast slik som i dag. Det skal ikkje byggjast nye vegar.

Massetak og deponi

Plassering av vassbehandlingsanlegget på tomta vil gje ca. 2000 m³ sprengstein. Mesteparten av desse massane er planlagt å bruke i veg og som utfylling ned mot Kvernelva. Resterande overskot av masse vil bli brukt til avretting av veg.

Hydrologisk grunnlag

Vassverket nyttar eit nedbørfelt på 0,48 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 36 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 28,2 %. Vassdraget har dominerande flaumperiodar om hausten, men flaum kan opptre heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om våren. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er forventa å ligge i storleiksorden 1-3,6 l/s. Det er søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak gjennom året på 36 l/s medan det maksimalt er søkt om å ta ut 67 l/s. Det er ikkje foreslått å sleppe minstevassføring frå Bildøyvatnet.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det skal ikkje gjerast endringar på eksisterande infrastruktur. Magasinet i Bildøyvatnet, vassleidning og veg vert liggjande som før. Det skal oppførast eit nytt vassbehandlingsanlegg med grunnflate på ca. 180 m² og tomt på ca. 580 m².

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I arealdelen av kommuneplanen (2011-2012) er nedbørfeltet avsett som "ikkje klausulert nedbørfelt". Området der vassbehandlingsanlegget er planlagt er LNF-område. Like nord for tomta til nytt vassbehandlingsanlegg er der ei stripe regulert for kraftforsyning.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulempar

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Tiltaket vil sikre innbyggjarane i Fjell kommune tilstrekkeleg drikkevatt av god kvalitet.

Ulemper

- Tiltaket kan føre til tørrelegging av Kvernelva.
- Ei aktiv regulering kan gje ei reguleringssone som kan vere til ulempe for landskapsinteressene.

NVEs vurdering

Det planlagde tiltaket gjeld regulering og uttak av vatn frå Bildøyvatnet til drikkevassforsyning i Fjell kommune. I NVE si handsaming av saka vil vi vurdere uttak av vatn frå Bildøyvatnet med regulering, samt inngrep i vatn/elv og terrenget fram til det nye vassbehandlingsanlegget. Areal avsett til sjølve vassbehandlingsanlegget kjem inn under allereie vedtekne arealplanar og vert handsama etter reglane i plan- og bygningslova.

Bildøyvatnet vert i dag nytta som reservevasskjelde til Fjell kommune. Fysiske inngrep knytt til tiltaket, slik som dam, inntaksarrangement og vassleidning, er allereie etablert. Eventuelle konsekvensar av tiltaket er difor i hovudsak knytt til regulering av Bildøyvatnet og redusert vassføring i Kvernelva, utløpsbekken frå Bildøyvatnet.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Med ei regulering mellom kote 170,8 og kote 178,3, ei slukeevne tilsvarande middelvassføringa og utan slepp av minstevassføring, vil det sjeldan gå overløp over dammen i Bildøyvatnet. NVE meiner at det omsøkte tiltaket vil ta i frå vassdraget den naturlege vassføringsdynamikken.

Isforhold

Det er oppgitt i søknaden at det ikkje er uvanleg at Bildøyvatnet er islagt om vinteren. Ei regulering mellom kote 170,8 og kote 178,3 vil føre til endra isforhold på Bildøyvatnet. Dette er ei regulering som har vore etablert i mange år og er såleis å rekne som vanleg for lokalmiljøet. Det har ikkje komme inn høyringsuttalar som viser til interesser som nyttar isen på vatnet om vinteren, og NVE må difor anta at dette ikkje er noko problemstilling. Standardvilkår om merking av usikker is varetar dette.

Biologisk mangfald

Det er ikkje gjort nye undersøkingar av biologisk mangfald i samband med dette tiltaket. Søknaden samanfatar eksisterande kunnskap frå ei tidlegare kartlegging gjennomført av Fjell kommune og søk i tilgjengelege databasar. Verdier som vert trekt fram er ein lokalitet av naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark. Denne har fått verdien B – viktig. Hinnebregne blir her feilaktig karakterisert som raudlista, men den er livskraftig. Det er også trekt fram observasjonar av tre sårbare (VU) fugleartar i søndre del av Bildøyvatnet. Desse er makrellterne, sanglerke og tyrkerdue. Ingen av desse er knytt til ferskvatn. Formann i Sotra og Øygarden Jeger og Fiskerforbund har uttalt til søkar at Bildøyvatnet ikkje er mykje brukt til fritidsfiske. Søkar refererer elles frå ein rapport Rådgivende Biologer (1995) utarbeidde i samband med kalkingsplan for Fjell kommune. Feltarbeidet som legg grunnlag for denne

rapporten inkluderte prøvafiske i Kvernelva rett nedanfor dammen og ca. 100 m oppstraums utløp til sjø. Det vart ikkje fanga fisk nokon av stadane. Det blir konkludert med at dei øvre partia er veleigna for gyting, medan bekken nedover er bratt og rasktrennande, og at vilkåra for fisk dermed truleg ikkje er gode. Ut i frå dette, samt at Fylkesmannen ikkje har kommentarar angående fisk, vurderer NVE at det ikkje går sjøaure opp i vassdraget. Ev. fisk vil dermed vere aure som slepp seg ned frå Bildøyvatnet.

Fylkesmannen rår til at det vert sett krav om minstevassføring i Kvernelva for å oppretthalde biologisk mangfald som er avhengig av rennande vatn. Det skal ikkje gjerast fysiske inngrep i Kvernelva og naturtypen nordvendt kystberg og blokkmark vil difor ikkje bli direkte råka. Fylkesmannen meiner at skuggefull plassering truleg er ein viktigare økologisk faktor for artane som veks her enn vassføringa i sjølve bekken. Med ein auka bruk av Bildøyvatnet vassverk ser NVE at reguleringa truleg vil bli nytta meir aktivt enn den har blitt dei seinare åra og at det sjeldan vil vere overløp over dammen. Vi ser også at den avgrensa storleiken til nedbørfeltet gjer det sannsyneleg at Kvernelva også under naturlege forhold vil gå tørr periodar av året. NVE meiner difor at eventuelle miljøverdiar i Kvernelva vil vere tilpassa periodar utan vatn i elva, og at slepp av minstevassføring ikkje vil vere avgjerande for eksisterande biologisk mangfald.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vert det vist til i nml § 8 der det vert slått fast at offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapleg kunnskap om art eller naturtype, samt effekten det aktuelle inngrepet vil ha. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Informasjon om biologisk mangfald i influensområdet kjem fram gjennom søknaden, høyringsuttalar, søk i naturbase og artskart (08.02.2013) og NVEs egne erfaringar. Ut i frå dette meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. at kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova § 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Dette inneber at ein må ha kunnskap også om andre tiltak og påverknad på økosystemet slik at ein kan identifisere samla belastning, jf. også formuleringa i § 8 om "effekten av påvirkninger". I vurderinga av samla belastning skal det både takast omsyn til allereie eksisterande inngrep og forventa framtidige inngrep. Vi kan ikkje sjå at biologisk mangfald vert påverka på ein slik måte at det vil bli verknadar utover tiltaksområdet for dette prosjektet. Heller ikkje høyringspartane har kommentert noko som skulle tilseie at verknadane går utover tiltaksområdet.

Tiltaket vil slik det er omsøkt påverke biologisk mangfald i Kvernelva noko negativt sidan denne vil kunne gå tørr store delar av året. Det er ikkje knytt raudlista artar til vassdraget. Det er registrert ein naturtype med verdi viktig (B) som kan bli noko påverka av tiltaket. Denne påverknaden er usikker ut i frå at Fylkesmannen skriv at artane som veks her er meir avhengige av skuggefullt miljø, enn av rennande vatn. Sidan Kvernelva truleg ikkje har årsikker vassføring, og dammen i Bildøyvatnet har eksistert i lang tid ser vi det som sannsynleg at artane som veks i og ved elva er tilpassa periodar der elva går heilt tørr. Vi vurderer difor at det planlagde tiltaket ikkje kjem i konflikt med forvaltningsmål for naturtypar, økosystem eller artar, jf. nml §§ 4 og 5.

Landskap og friluftsliv

Bildøyvatnet ligg i eit mykje brukt turområde. Eksisterande veg til dammen er mykje nytta som tilkomstveg til tuområdet og det er fleire stiar som går vidare inn i terrenget med utgangspunkt frå vegen. Det omsøkte tiltaket vil ikkje føre til omlegging av nokon av desse stiane. Ei regulering på 7,5 m vil vere svært tydeleg i landskapet. Når vatnet vert seinka under normalvasstand vil det komme fram ei reguleringssone rundt vatnet som ikkje har vegetasjon. Dette vil kunne påverke landskapsopplevinga for folk som nyttar området. Reguleringa er eksisterande og har, om ikkje i like stort omfang, blitt nytta regelmessig dei siste åra. Eit regulert vatn vil såleis vere "normaltilstand" for brukarane i området. Søkar og fylkeskommunen vurderer konsekvensane for landskapet som små. NVE meiner det eksisterande tiltaket utgjer eit betydeleg inngrep. Den auka bruken av Bildøyvatnet som vasskjelde vil føre til ei meir aktiv regulering av vatnet med større og hyppigare variasjonar i vasstand. Sidan området ikkje er urørt i dag vurderer vi likevel at endringane ikkje vil føre til uakseptable ulemper for friluftsliv og landskap. Vi ser også at infrastruktur knytt til damanlegget er positivt ved at det gjer området meir tilgjengeleg for allmennheita.

Kulturminne

Verken søkar eller fylkeskommunen har kjennskap til kulturminne i det aktuelle området. NVE vurderer difor at tiltaket ikkje vil ha noko verknad for kjende kulturminne. Fylkeskommunen viser til opplysningsplikt, jf. kulturminnelova § 8, dersom ein skulle støyte på kulturminne under arbeid. Dette punktet inngår i standard konsesjonsvilkår.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Mattilsynet skriv i sin høyringsuttale at dagens bruk av Bildøyvatnet som reservevasskjelde er lite tilfredsstillande. Dette er grunngeve med dårleg vasskvalitet og mangelfull reinsing, samt at kjelda i aukande grad vert nytta som supplering til den kommunale vassforsyninga. Mattilsynet meiner difor at framleis regulering av Bildøyvatnet og etablering av eit nytt vassbehandlingsanlegg vil vere positivt. NVE vurderer ut i frå dette at tiltaket vil vere positivt for forsyning av, og kvalitet på drikkevatt i Fjell kommune.

Verknader for samfunnet

Vassverket med det nye vassbehandlingsanlegget vil vere med å forsyne innbyggjarane i Fjell kommune med nok drikkevatt av god kvalitet.

Oppsummering

NVE ser positivt på at vassuttaket og reguleringa vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. Vi vurderer at Kvernbecken mest truleg ikkje har årsikker vassføring og at slepp av minstevassføring ikkje vil vere avgjerande for eksisterande biologisk mangfald i bekken. Landskapsverdiar er påverka av den eksisterande reguleringa. NVE meiner at ein auka bruk av vasskjelda ikkje vil føre til uakseptable forverringar for landskap og friluftsliv. Samtidig ser vi at etablert infrastruktur er positivt for brukarar sin tilgang til tuområdet. Vassverket vil bidra til nok drikkevatt av god kvalitet i Fjell kommune. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil ha vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev FjellVAR løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og vassuttak til drikkevatn frå Bildøyvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Reguleringsgrenser

Det vert søkt om å vidareføre dagens regulering av Bildøyvatnet mellom HRV på kote 178,3 og LRV på kote 170,8. Dette tilsvarar 7,3 m oppdemming og 20 cm nedtapping ut i frå naturleg vasstand på kote 171.

Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	36
Alminneleg lågvassføring	l/s	1-3,6
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	36
Maksimalt vassuttak	l/s	67

Det vert i dag ikkje slept minstevassføring i Kvernelva og søkar legg heller ikkje opp til det i søknaden. Fylkesmannen meiner i sin uttale at minstevassføring må vere ein føresetnad. Fråføring av vatn vil påverke ca. 1 km elveløp frå Bildøyvatnet til sjøen i periodar då vasspegelen i vatnet er senka under utløpsterskelen. NVE meiner at dette er ein tilstand som kan inntreffe også under naturlege forhold, sidan storleiken til nedbørfeltet gjer det lite truleg at bekken har årsikker vassføring. Med unnatak av ein bergvegg, der artane i følgje Fylkesmannen er meir avhengige av skuggefullt miljø enn rennande vatn, er det ikkje komme fram at det er spesielle verdiar å ta omsyn til i denne utløpselva. NVE meiner difor at det ikkje er behov for å sette krav om minstevassføring.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnader:

Inntak (kote)	171 moh
Vassbehandlingsanlegg (kote)	152,5 moh
Maksimalt vassuttak	67 l/s
Gjennomsnittleg vassuttak	36 l/s
Vassveg	Heilt nedgrave
Veg	Eksisterande veg til dam skal nyttast

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Røyret skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna av miljømessige omsyn.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Merknadane frå fylkeskommunen kjem inn under dette vilkåret. NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. post 3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE

har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. Standardvilkår etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det berørte vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av drikkevatn med god kvalitet ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet.